

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 16. november 2016 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leing av utvalsleiar Nils Terje Oma.

MØTESTAD:	Vindafjord Rådhus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.15 – kl. 16.30
MØTANDE MEDLEMER:	Nils Terje Oma (Ap), Marit Aga Hustvedt (Ap) Johannes Vestbø (Sp) og Kristian H. Risset (BBL)
FORFALL:	Gunn Haraldseid (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Anne Tone Salte Andersen (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Marit Brockmann – frå Deloitte AS, Oslo
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
ANDRE SOM MØTTE:	Varaordfører Steinar Skartland (Krf)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 17/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.09.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 07.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet:

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 07.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 18/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.11.16

25. Statusrapport pr. november 2016
26. Korrigert generalforsamlingsprotokoll av 06.06.16 frå Haugaland Kraft AS
27. Invitasjon frå FKT Rogaland til Haustkonferanse 17.11.16 i Sandnes – 1 påmeldt
28. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
29. Kommunal rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
30. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon
31. Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – Fylkesmannen i Rogaland
32. Innkalling til representantskapsmøte 01.12.16 – HIM IKS

Handsaming i kontrollutvalet:

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene.

Nils T. Oma er påmeldt til haustkonferansen i Sandnes.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Referatsaker 25 – 32 blir tatt til orientering.

SAK 19/16 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «BARNEVERNEN»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Barnevernet» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering, eller som eigen sak.

Handsaming i kontrollutvalet:

Leiar innleia og forklarte om bakgrunnen for prosjektet. Han gav KPMG skryt for å ha laga ein god rapport som han meinte hadde vore til nytte for å betre arbeidet i avdelinga.

Utvalet drøfta tilbakemeldinga frå administrasjonen. Det var ingen frå administrasjonen til stades i møtet som kunne svara på spørsmål. Dette skyldast at dei var på leiarsamling.

Anne T. S. Andersen hadde før møtet sendt inn nokre spørsmål. Administrasjonen hadde svara på kort varsel. Svara saman med ein ROS-analyse frå februar 2015 var blitt sendt til medlemmene same dag på e-post.

Andersen kommenterte svara. Det som kom fram i ROS-analysen var sjokkerande lesing meinte ho. Utvalet drøfta ROS-analysen og svara.

Utvalet blei samd om å ta saka opp til ny handsaming i neste møte for å få betre og meir utfyllande svar frå administrasjonen. Medlemmene ønskte ein oversikt over talet på klager og tal på medhald i klagar, og ein ny og oppdatert ROS-analyse.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Vindafjord kontrollutval utsett saka til neste møte.

Utvalet ber om at rådmannen følgjer opp spørsmåla frå Andersen og gjer ei ny og oppdatert tilbakemelding i neste møte der også desse spørsmåla er svara på.

Utvalet ønskjer at det i tillegg blir lagt fram ein ny og oppdatert ROS- analyse og ei oversikt over talet på klagar og medhald i klagar.

SAK 20/16 ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2018-2020

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2018-2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet:

Leiar fremma forslag om utsetja saka til møtet i februar. Det var ikkje nokon frå administrasjonen til stades fordi dei var leiarsamling på Karmøy.

Sekretær svara på spørsmål frå Rasset at saka var ei rein orienteringssak, og kunne vore satt opp på sakslista under sak 18, Orienteringssaker. Utvalet slutta seg til leiar sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Vindafjord kontrollutval utsett saka til neste møte.

Utvalet vil be rådmannen orientere om vedtatt budsjett 2017 og økonomiplan i neste møte.

SAK 21/16 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS-PROSJEKT – «SAMHANDLINGSREFORMA»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Samhandlingsreforma» i samsvar med vedlagte prosjektplan (og med dei endringane som kjem fram i møtet).

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innafør ei rame på 230 timar.

Handsaming i kontrollutvalet:

Forvaltningsrevisor Brochmann orienterte om planen, som var vedlagt saka. Ho gjorde greie for dei fire problemstillingane med underpunkt, om metodeval og særskilt om framlegget til intervjuar. Ho gjorde også greie for gjennomføringsplanen.

Medlemmene drøfta framlegget. Dei hadde mange kommentarar og spørsmål som revisor svara på. Det var mellom anna spørsmål om fengselet vil bli tatt med i undersøkinga, om legane og pårørande ville bli intervjuar, svingdørspasientar, døgnpleie, rehabiliteringsavdeling og folkehelseiltak. På spørsmål om kvaliteten på sjukehusa ville bli undresøkt, svara revisor at det ikkje ville vera ein del av denne revisjonen.

Revisor noterte seg innspela og ville innarbeide dei i prosjektet, der det var mogeleg.

Medlemmene drøfta om ein ROS-analyse burde vere eit vedlegg til rapporten. Utvalet blei samd om å be rådmannen leggje fram ein ROS-analyse i samanheng med handsaming av rapporten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Samhandlingsreforma» i samsvar med vedlagte prosjektplan, og med dei innspel som kom fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innafør ei ramme på 230 timar.

Utvalet ønskjer at det blir lagt fram ein ROS-analyse når endeleg rapport skal handsamast.

SAK 22/16 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2017:

onsdag 22.02, 03.05, 13.09 og 22.11 – kl. 15.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet:

Leiar orienterte. Utvalet slutta seg til den framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.11.16:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2017:

onsdag 22.02, 03.05, 13.09 og 22.11 – kl. 15.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

EVENTUELT:

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: onsdag 22.02.17, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 16.11.16

Nils Terje Oma
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær